



Knarvikgården AS
Postboks 42
5902 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/19 - 18/11379

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

10.04.2018

Etterlyser årsrapport for fettutskiljar - gbnr 188/75 - Førehandsvarsel om tilsyn

Teknisk drift kan ikkje sjå å ha motteke årsrapport for fettutskiljar anlegg ved gbnr 188/75 med adresse Lyngvegen 4. Frist for innsending av rapport var 01.02.2018.

Som abonnent på avløpstenester i Lindås kommune er Knarvikgården AS ansvarleg for å sende inn dokumentasjon på at utskiljaranlegg ved Knarvikgården tilfredsstillar krav til utslepp. Som grunneigar er Knarvikgården AS juridisk ansvarleg for fettutskiljaranlegg som er knytt på kommunalt leidningsnett.

Teknisk drift ber Dykk om å få sendt inn årsrapport for utskiljaranlegg omgåande. Rapport skal ha følgjande dokumentasjon:

- Dokumentasjon på at det er gjennomført minst 3 tømminger for 2017.
- Temperaturlogger som viser at anlegg stettar krav til fettinnhald i utsleppsvatn. Temperaturlogg skal være utført over 3 døgn og når anlegg er i full drift.
- Drift og vedlikehaldsrapport for anlegg

Lindås kommune skal føre kontroll over alle utskiljaranlegg som har utslepp av fetthaldig avløpsvatn til kommunalt leidningsnett. Det er viktig at kommunen får kontroll over anlegga slik at ein unngår utslepp av fetthaldig avløpsvatn til kommunalt leidningsnett, pumpestasjoner og reinseanlegg. Fett som vert avsett i kommunalt nett, pumpestasjoner og reinseanlegg medføre store drifts- og vedlikehaldskostnader for kommunen. Dette er kostnader som kommunen må dekke via gebyr eller ved å fakturere den ansvarlege for utslepp av fetthaldig avløpsvatn.

Fett som avleirast i leidningsnett kan òg medføre at ein får tilbakeslag av fetthaldig avløpsvatn/kloakk i bygg. Vi gjer merksam på at kommunen ikkje er ansvarleg for slike hendingar. Den einskilde huseigar må sjølv sørge for å få utbeta og dekke kostnaden ved slike hendingar.

Frist for innsending av årsrapport vert sett til måndag 30.04.2018.

Førehandsvarsel om tilsyn:

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



På bakgrunn av manglande rapportering av anlegg ser vi eit behov for å føre tilsyn med anlegg i kommunen. Teknisk drift gir med dette brev eit førehandsvarsel om tilsyn av anlegg ved Knarvikgården. Tidspunkt for tilsyn vil vi komme tilbake til i eget vedtak – varsel om tilsyn.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Knarvikgården AS

Postboks 42

5902

ISDALSTØ